

Forskrift om skulekrinsgrenser Vindafjord kommune

Med heimel i opplæringslova § 2-6, lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa.

§1 Formål

Forskrifta skal sikre forutsigbar og likeverdig behandling ved tildeling av skuleplass, og ivareta retten til å gå på ein skule i nærmiljøet. Ho skal bidra til tryggleik, gode nærmiljø og hensiktsmessig og forsvarleg kapasitetsutnytting ved skulane.

§2 Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle barn i grunnskulepliktig alder som bur i Vindafjord kommune.

§3 Skulekrinsar

1. Vindafjord kommune er delt inn i barneskulekrinsar og ungdomsskulekrinsar. Grensene går fram av kartvedlegg som er ein del av forskrifta og er juridisk bindande del.
2. Barneskulekrinsane følger i hovudsak soknegrensene og naturlege bygdelag, med justeringar ved nedlegging eller etablering av skular.
3. Ungdomsskulekrinsane er fastsette slik:
4. Vikedal skule: elevar frå Sandeid oppvekstsenter
5. Ølen skule: elevar frå Vågen oppvekstsenter
6. Skjold skule: elevar frå Vik oppvekstsenter, Vats skule

§4 Prinsipp for tildeling av skuleplass

Ved tildeling av skuleplass skal kommunen leggje særleg vekt på:

7. Geografisk nærleik (kortaste trygge og praktisk farbare veg).
8. Topografi og naturlege barrierar.
9. Trafikktryggleik.
10. Kapasitet ved skulane.
11. At barn i same nabolag får gå på same skule.
12. Søsken på same skule.


Barnets folkeregistrerte adresse per 1. mars i det året skulen startar, er normalt avgjerande for kva skule barnet soknar til.

§5 Søknad om skulebyte

Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skule enn den eleven soknar til. Følgjande kriterium skal vurderast:

13. Bustad nær grensa mellom to krinsar og tilknytning til annan skule.
14. Fortsetjing på same skule etter flytting (normalt berre ut skuleåret), t.d ved flytting seint i 10. trinn.
15. Særlege forhold, inkludert skulemiljø (kap. 12 i opplæringslova), Særlege forhold, til dømes sterke sosiale, pedagogiske eller helsemessige grunnar.

Vedtak skal dokumentere vurdering av barnets beste og kva tiltak som er prøvd.



§6 Delegasjon og saksbehandling

Kommunestyret delegerer til kommunedirektøren å gjere vedtak i saker om skulebytte. Vedtak er enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan påklagast. Klageinstans er Statsforvaltaren i Rogaland. Barnet skal høyrast i tråd med Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 12.

§7 Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå 16. juni 2026.

Kart over skulekringsgrenser (raud stipla linje er ungdomsskulekrinsar)

